

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 11.09.2017

Til stades: Gunnar Dalseth, Lars Sæverhagen,, Kenneth Vikane, Olav Bernt Strømsnes, Una Eiken, Marta Samland, Sigmund Eiken og Kaia Gulbrandsen

Referent: Kaia Gulbrandsen

Sak 2017/59: Innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2017/60: Godkjenning av referat frå styremøte 13. juni; godkjent.

Sak 2017/57 om rekneskap, skatt etc vart utsett sist, og utsettast igjen til neste møte.

Sak 2017/61: MVA-kompensasjon;

Det har ikkje blitt søkt om mva-kompensasjon for 2016. Dette tar styret ansvar for og forklarar med ein vanskeleg situasjon der styreleiar har vore fråverande av personlege årsaker rundt søknadsfrist, manglande rutinar og at ein ikkje har sittande rekneskapsførar i styret.

Styret vil utarbeide rutinar for å ivareta dette for framtida og jobbe for at styret i neste periode får tilbake funksjonen med rekneskapsførar/kasserer i styret.

(ps – i etterkant av styremøtet har tapet blitt erstatta av styreansvarsforsikringa vi har hjå Gjensidige)

Sak 2017/62: Status for planleggjing av jubileumsfesten;

Styret spør nokre personar i bygda om å bidra til planleggjing/komitearbeid. Arrangementet blir delt i to. Fyrst blir det jubileumsfest med program og festmiddag, open for alle. Etterpå blir det open dans til Scenaskrekk med 18 års aldersgrense. Annonsering og info kjem.

Styret vurderte å avlyse festen grunna ein noko utfordrande situasjon i bygda med nedleggjing av butikk og andre store endringar. Styret i Herand Bygdelag ynskjer i denne situasjonen å skipa til ein fest for alle og ser det som viktig at bygdefolk samlast og markerer fellesskap og at me ikkje «ligg nede med broten rygg». Velkommen til fest 28.10.17.

Sak 2017/63: Spørsmål frå Haldor Tuvin om å bruke kulturhusplassen til tømmertransport;

Møtet starta med ein kort synfaring på plassen med Haldor Tuvin der han gjorde reie for prosessen rundt uthogst av granfeltet ovanfor kulturhuset.

Styret ynskjer ikkje å stille plassen framfor kulturhuset til disposisjon for dette. Det er for store konsekvensar i høve sikkerheit, dagleg bruk av området og infrastruktur (veg/vatnrøyr ol). Me ber Haldor Tuvin å finna ei anna løysing for uttak av skogen.

Sak 2017/64: Finansrapport; Utsett.

Sak 2017/65: Informasjonssaker;

- Butikk i Herand. Gunnar informerte om to ulike initiativ som er tatt i høve ny butikkdrift. Bygdelaget meiner at butikk er viktig, og vil samarbeide vidare med Sverre Haugen om saka.
- Det jobbast med ferdigstilling av rekneskap på tippemidlar tildelt kjøkkenprosjektet.
- Ny nettside; ikkje noko nytt førebels.
- Nilsaflaten ved Meieriet; Haldor Tuvinn har bede om at drenering utbetrast og informert om at loket på septiktank er sprekt. Gunnar sender brev til Jondal kommune der vi ber dem kjøpe plassen til parkeringsplass i tråd med arealplan. Vi påpeker at det er ynskje om at plassen opparbeidast pent og tilpassa estetikken i heile området. Sigmund sjekkar om det er ok å fjerne heile septiktanken etter at nytt kloakkanlegg er laga til. I så høve vil me ta den opp og selje den og fylle igjen holet med grus slik at det vert drenering.

Sak 2017/66: Eventuelt;

- Jondal Frivilligsentral har laget ei kursrekke i haust gratis for lag og organisasjonar. Bygdelaget er største eigarlag, og me vil prøve å stille folk på kurskveldane. Me oppmodar og dei andre laga i bygda til å nytte høve til å få gratis kursing i lagsdrift.
- Bygdelaget skipar til oppsummeringsmøte etter turistsesongen tysdag 19.09 kl. 19.00. Me oppmodar alle interesserte og involverte til å stilla.